



Lærdal kommune



**Kommunedelplan
for
Kulturminne og kulturmiljø
2018 – 2027**

(Revidert etter vedtak om utsetting i formannskapet)



Føreord

Planen, som er ein tematisk kommunedelplan, har som hovudmål å vera ein kunnskapsbase og forvaltningsplan for kulturverdiane i kommunen:

- Kulturlandskap
- Kulturmiljø
- Kulturminne

Plandokumentet er utarbeida av arbeidsgruppa for kulturminneplanen, og byggjer på planutkastet til tidlegare byantikvar i kommunen og tidlegare Kommunedelplan for landbruk og kulturminneplan. Arbeidsgruppa har vore samansett av Magne Grøtnebø (kultur), Guro Nesse (kultur), Magnhild Aspevik (landbruk) og Monika Lysne (plan). Arbeidsgruppa har knytt til seg andre personar i ulike deltema i planen. Arealplanleggjar har vore sekretær i arbeidsgruppa. Leiar for Kultur og Oppvekst har følgd arbeidet og delteke på nokre av arbeidsmøtene.

Gjennom planprosessen har nokre prioriteringar av tema og tiltak vorte noko endra i forhold til Planprogrammet. Dette gjeld i hovudsak registreringsarbeidet og tema om Stølar, fjell og utmark, som i denne revideringa vart avgrensa noko på grunn av lite ledig kapasitet/ressursar. Dette arbeidet er tenkt prioritert i neste revidering av planen.



Dei fleste bileta i planen er henta frå Lokalhistorisk arkiv. Dette arkivet vert forvalta av kulturkontoret i kommunen. Bilete her er Lokalhistorisk arkiv, og er teke frå Borgund «sentrum» i år 1924.



Innhald

1. Innleing	4
1.1 Bakgrunn for planarbeidet	4
1.2 Definisjonar	5
1.3 Mål og rammer for planen	7
1.4 Plantype og planen sin rettsverknad	8
1.5 Medverknad	8
1.6 Aktørar og verkemiddel i kulturminneforvaltninga	9
2. Kriteria for vern eller freding	11
2.1 Kriteria for automatisk freda kulturminne	11
2.2 Vurderingskriteria for vern eller freding	11
3. Prioriteringar og avgrensingar i plan	13
3.1 Generelt om prioriteringane som er gjort undervegs i planprosessen	13
3.2 Kulturminneverdiane	13
4. Bygder, gardar og kulturlandskap	14
4.1 Vegar og vegmiljø	14
4.2 Skysstasjonar og hotell	15
4.3 Husmannsplassane	16
4.4 Kulturhistoriske gardsmiljø og åkerlandskap	16
4.5 Utvalde kulturlandskap – Midtre Lærdal	18
4.6 Dei gamle bygdesentra og Gamle Lærdalsøyri	19
4.7 Kyrkjer og kyrkjegardar	20
4.8 Skulehus og forsamlingslokale	22
5. Fjell, stølar og utmark	24
6. Krigsminne	25
6.1 Generelt	25
6.2 Kvardagslivet i krig og krisetid	25
6.3 Minner over motstandsarbeid	25
6.4 Okkupantane sine byggverk	26
7. Handlingsplan	27
7.1 Sakshandsaming, prioritering og tiltak	27
7.2 Tidslinje, finansiering og ansvarsfordeling	37
7.3 Økonomiske konsekvensar ved gjennomføring av plan	39
8. Litteraturliste	40



1 Innleiing

1.1 Bakgrunn for planarbeidet

I brev frå Riksantikvaren, datert 14.12.2012, inviterte Riksantikvaren fylkeskommunane til samarbeid, for å styrke kommunal kulturminneforvaltning. Der står det mellom anna:

God kulturminneforvaltning i kommunene krever kunnskap og oversikt over lokalhistorien og kulturminnene. Det er behov for styrket kulturminnekompetanse i mange kommuner, og det mangler gode oversikter over kulturminnene. Miljøverndepartementet og Riksantikvaren arbeider med et mål om kunnskapsløft for kulturminneforvaltning og har en satsing på dette som skal gå frem til 2017. Et viktig tiltak er å legge til rette for, og stimulere kommunene til å utarbeide kulturminneplaner.

Kommunedelplaner for kulturminnene er gode verktøy for forvaltning av kulturminnene og vil samtidig øke oppmerksomheten og kunnskapen om dem. Riksantikvaren oppfordrer kommunene til å sette kulturminneplaner på dagsorden ved bl.a. registrering og planlegging.

Sogn og Fjordane fylkeskommune utlyste midlar 02.08.2012 til utarbeiding av lokal kulturminneplan og registreringsarbeid. Lærdal kommune har i «Kommunal planstrategi» vedteke å utarbeide ein kulturminneplan for Lærdal. Kommunen fekk i 30.12.2013 tildelt midlar til arbeidet.

Kulturminneplanen skal få fram:

- kva kulturminne som skal takast vare på
- kva tiltak som må settast i verk for at ein skal kunne ta vare på kulturminna
- kva kulturminne som skal dokumenterast/registrerast for ettertida før dei går tapt

I areal-, plan- og byggesaker vil ein lettare kunne ta omsyn til kulturminneverdiane og gje ei meir effektiv sakshandsaming. Kulturminneplanen skal vere styrande for kommunen si handsaming og forvaltning av kulturminner i plan- og byggesaker.

Lærdal kommune er rik på kulturminne frå både førhistorisk tid og nyare tid. For å sikre langtidseffektar for kulturminneverdiane i kommunen er det viktig å arbeide med haldningsskaping og kunnskapsbygging. Gjennom bevisstgjerjing og auka kunnskap om kulturvern og kulturminneverdiane i Lærdal, både hjå sakshandsamarar, politiske organ og innbyggjarane i kommunen, vil ein legge til rette for ei god kulturminneforvaltning og positive haldningar til kulturminnevernet som ein ressurs for kommunen og lokalmiljøet.

Planprogrammet peikar på dei viktigaste problemstillingane knytt til kulturminne og kulturmiljø i kommunen, og kva som er målet med planarbeidet.

Arbeidet med Kulturminneplanen har i periodar vore lite effektivt grunna vakante stillingar i administrasjonen og mange andre store planprosessar samstundes, så planprosessen har teke lenger tid enn forventa. Nokre av målsetjingane har vorte endra undervegs, men arbeidsgruppa meiner planen er eit godt styringsverktøy for kulturforvaltninga i kommunen. Det vil vera viktig at planen vert revidert minst kvart 4. år, for at både kunnskapsbasen, forvaltninga og mål og strategiar jamnleg vert oppdaterte.



1.2 Definisjonar

Kulturminne

Kulturminnelova § 2 definerer kulturminne som «alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, inkludert lokalitetar knytt til historiske hendingar, tru eller tradisjon.» Dette kan til dømes vere buplassar, graver, dyrkingslag, fangstanlegg, jernvinneanlegg, kyrkjer og kultstader.

Automatisk freda kulturminne

Kulturminne frå oldtid og mellomalder, før reformasjonen i 1537, òg kalla fornminne. I tillegg kjem ståande byggverk frå perioden 1537 til 1649 samiske kulturminne eldre enn 100 år og kulturminne i vatn og vassdrag eldre enn 100 år. Automatisk freding gjeld sjølve kulturminnet og ei sikringssone på minst fem meter kring det, om ikkje anna er vedteke av rette kulturvernmyndigheit. Etterreformatoriske kulturminne, frå tida etter 1537, kan fredast etter vedtak. Heile området kan fredast etter §19 i kulturminnelova, eller regulerast til omsynssone bevaring etter plan- og bygningslova. Alle fornminne er freda etter Kulturminnelova og ligg under Riksantikvaren sitt ansvarsområde. Forvaltninga og enkeltsaker er delegert til den einskilde fylkeskommunen.

Vedtaksfreda kulturminne

Nyare tids kulturminne, yngre enn 1537, kan fredast med vedtak etter kulturminnelova §15. At eit kulturminne er freda betyr at det er underlagt forvaltninga etter kulturminnelova. Det finst ulike paragrafar i lova til bruk for ulike typar kulturminne og kulturmiljø. Freding vert vedteke av staten ved Riksantikvaren og gir kulturminnet eit sterkt vern. Ved nyare fredingsvedtak vil det ligge føre detaljerte fredingsføresegner.

Verneverdige kulturminne

Mange verneverdige kulturminne har ikkje noko formelt vern, men vert teke vare på av eigarar og myndigheiter fordi dei er definerte som verdfulle ut frå t.d. historiske eller miljøskapande omsyn.

Omsynssone for bygg og kulturminne

Kulturminne, anlegg og kulturmiljø som er sikra eller skal sikrast vern med regulering etter plan- og bygningslova (§11-8 bokstav c og §12-6) kan regulerast med omsynssone i reguleringsplanar. Kommunen har mynde til denne typen regulering. Omsynssone erstattar spesialområde bevaring i ny Plan- og bygningslov frå 1985.

Listeførde objekt

Dette gjeld alle kyrkjer bygde mellom 1650 og 1850. Desse er underlagt eit særlig vern og alle tiltak på kyrkja må godkjennast av Riksantikvaren. Ansvar for omgjevnadane til listeførde kyrkjer vart delegert frå Riksantikvaren til fylkeskommunane frå 1. mai 2013. Det tyder at fylkeskommunane skal uttale seg i plansaker, og rettleie biskopen i saker som påverkar omgjevnadane til listeførde kyrkjer. Fleire kyrkjer bygd etter 1850 er òg sett på som særleg verneverdige og difor listeførde. På ein tilsvarende måte er statens historiske bygningar listeført og det er laga ulike verneplanar for dei ulike statlege sektorane.

**Musealt vern**

Kulturminne som musèa eig eller har vedlikehaldsansvar for. Desse er som regel ikkje freda etter kulturminneloven. Dette gjeld òg mange av Fortidsminneforeninga sine eigendomar. I Lærdal gjeld dette Gamlebakeriet i verneområdet på Lærdalsøyri. Det same gjeld Rikheim skulemuseum.

Kulturlandskap av høg verdi

Landskap påverka og endra av menneskeleg verksemd gjennom t.d. jordbruk, bygningar og tekniske anlegg, av historisk og miljømessig verdi.

Freda kulturmiljø

Med kulturmiljø meiner ein område der eit eller fleire kulturminne inngår som ein del av ein større heilskap eller samanheng. Ei samla vurdering av kulturhistoria i eit område og kulturminne vil danne grunnlag for avgrensing av kulturmiljø. Det er nær samanheng mellom kulturmiljø og landskapstype. Eit kulturmiljø kan òg vere eit heilskapleg bygningsmiljø. Område kan få vedtaksfreding etter Kulturminnelova §20. Fredinga gjeld for særskilde område for å ta vare på området sin kulturhistoriske verdi. Fredinga ligg eit nivå over vedtak om vern og representerer det strengaste vernet i kulturminnelova.

Freding

Freding kan berre gjerast av Riksantikvaren etter enkeltvedtak heimla i Kulturminnelova. Fylkeskommunen kan ta initiativ til midlertidig freding om viktige kulturminner står i fare for å bli øydelagt. Fylkeskommunen kan førebu ei fredings sak for Riksantikvaren. Tidlegare har òg Fortidsminneforeninga førebudd fredingsaker.

Vern

Vern skjer ved å ta i bruk bestemmelsane om omsynsone og eventuelt andre bestemmelsar i Plan- og bygningslova (PBL). Kommunen gjer vedtak om vern etter PBL. I Lærdal er verneområdet på Lærdalsøyri verna gjennom regulering etter PBL.

SEFRAK (Sekretariatet for registrering av faste kulturminner)

Frå 1970-talet til 1990-talet vart det gjort ei landsomfattande registrering kalla SEFRAK. Dette omfattar hus eldre enn 1900 og andre faste kulturminne frå tida etter 1537. SEFRAK-registreringa er ikkje komplett og gjev heller ikkje eit vern av bygningane, men fortel oss noko om kva for verneverdi bygningen har.




1.3 Mål og rammer for planen

Ein ynskjer at planen skal bidra til å:

- skape lokalt engasjement om forvaltning av kulturminne og kulturmiljø i kommunen.
- gjere kulturminneverdiane lettare tilgjengeleg for forvaltninga og innbyggjarane .
- auke grunnkompetansen i kulturminnevern hjå sakshandsamarar innanfor plan- og byggesaksetaten, politikarar og innbyggjarane .
- få ei oppdatert og nyansert vurdering av kulturminneverdiane i kommunen.
- bygge haldningar om kulturminne som positiv ressurs.
- søke etter beste praksis i høve til praktisk kulturminnevern i byggesakshandsaming, reguleringsaker og kommuneplanarbeidet.
- gje eit oversyn over «arvesylvet» i kommunen.
- få fram kva kulturminne og kulturmiljø i kommunen som er potensielle ressursar for lokal næringsutvikling.
- betre formidling, tilrettelegging og skjøtsel av kulturminne i kommunen.
- prioritere satsingsområde for kulturminneverdiane i kommunen (handlingsplan).

Sentrale lokale rammer

- Kommunal Planstrategi 2016-2020. Kommunestyret har gjennom vedtak av planstrategien prioritert at utarbeiding av Kulturminneplanen og vedtak av denne skal gjennomførast i perioden.
- Samfunnsdelen i kommuneplanen. Denne er under revidering og skal vedtakast i 2018. Denne vil vere med å leggje føringar også for kulturforvaltninga i kommunen.
- Arealdelen i kommuneplanen. Denne er utdatert, men under revidering. Tema kulturminne og kulturmiljø er likevel ivareteke gjennom eldre planar på ulike måtar, og i ulik grad. Viktig tema i revideringsprosessen.
- *Reguleringsplan for verneområdet på Lærdalsøyri og Forvaltningsplan for Gamle Lærdalsøyri.* Har føresegner og retningslinjer for vern og rammer for forvaltninga i området, og for blant anna vedlikehald, restaurering osv.
- *Kulturplan for Lærdal kommune 2016 – 2020.*
- *Kommunedelplan for landbruk og kulturminnevern.* I denne planen er viktige kulturminne, kulturlandskap og kjerneområde landskap identifisert. Denne temaplanen og ny Kommunedelplan for Kulturminne og kulturmiljø vil utfylle kvarandre.



Sentrale regionale rammer

Regional plan for Kultur i Sogn og Fjordane 2019-2022.



Sentrale nasjonale rammer

- Kulturminnelova (1978)
- Plan- og bygningslova (2008)
- Naturoppsynslova (1996)
- Naturmangfaldlova (2009)
- Forvaltning av kyrkje, kirkegård og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø, Rundskriv nr. T-3/00
- Nasjonale forventingar til regional og nasjonal planlegging (kongeleg resolusjon 12.06.2015).
- NOU 2002.1. Fortid former framtid. Utfordringar i ein ny kulturminnepolitikk
- St. meld. nr. 16 (2004-2005). Leve med kulturminne
- St. meld. nr. 25 (2012 – 2013). Framtid med fotfeste – kulturminnepolitikken

Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga

Prosjekt i regi av Riksantikvaren og Miljøverndepartementet. Føremål er å skaffe betre oversikt, styrke samarbeidet mellom forvaltningsnivåa og å styrke den kommunale kompetansen på kulturminnefeltet mellom anna gjennom at kommunane lagar sin eigen kulturminneplan.

1.4 Plantype og planen sin rettsverknad

Planen vert utarbeida som tematisk kommunedelplan etter prosesskrava i Plan- og bygningslova (PBL), kapittel 11.

Planen vil ikkje gje kartfesta rammer eller retningslinjer for framtidig utbygging, og vil såleis ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing, jf. PBL § 4-2.

Planen skal leggjast til grunn for kommunal verksemd og vera regningsgjevande for kommunen si planlegging. Planen i seg sjølv gjev ikkje grunnlag for vern av kulturminne, men kan peike på behov for dette. Tidshorisont til planen er 10 år, men planen bør reviderast kvart 4. år, og handlingsdelen bør reviderast kvart år dersom det er behov for dette.

1.5 Medverknad

For å setja i gang arbeidet med kulturminneplanen, vart det skipa til ein open kulturminnekveld 23. mars, med kring 40 deltakarar. Her fekk dei som møtte høyre bjørnehistoriar i opptak og historia til laksefisket i Lærdalselvi ved Lasse Sælthun, leiar i elveeigarlaget. I tillegg vart det orientert om kulturminneplanarbeidet framover og publikum vart invitert til å koma med innspel til emne som kunne vera aktuelle å ha med i kulturminneplanen, samt koma med opplysningar om aktuelle kulturminne.

For å sikre ei lokal forankring og eigarskap til planen, har det i tillegg vore lagt arbeid i å ha fleire lokale arbeidsmøter for kompetanseinnhenting og kulturminneregistrering, og det vart og arrangert



registreringskurs. Her har innbyggjarar generelt vorte invitert, og historielag og personar med ulik tilknytning til kulturforvaltninga spesielt. Ein har vidare nytta heimesida til å orientere om planarbeidet og oppmoda om å kome med innspel. Då planen også følgj prosessreglane i Plan- og bygningslova har ein sikra ein generell medverknadsprosess gjennom kunngjering av planoppstart og offentleg ettersyn av framlegg til plan. Med kulturminnekveldane og dei lokale arbeidsmøtene har ein hatt ein medverknadsprosess utover prosesskrava i Plan- og bygningslova.

1.6 Aktørar og verkemiddel i kulturminneforvaltninga

Ulike aktørar i kulturminneforvaltninga

Statleg mynde og ansvar

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgjevar for Klima- og miljødepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har det statlege ansvaret for kulturminnevernet.

Fylkeskommunen sitt mynde og ansvar

Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane har mynde i kulturminnevernet etter Kulturminnelova og Plan- og bygningslova. Fylkeskommunen er både rådgjevande organ og utøvande myndingheit i kulturminnevernsspørsmål. Fylkeskommunen har dessutan eit ansvar for ei heilskapleg planlegging og utvikling av fylkesnivået. I den samanheng er koordinering med andre forvaltningsorgan på regionalt nivå viktig.

Lærdal kommune sitt ansvar

Kommunen er ikkje pålagt oppgåver etter Kulturminnelova ut over meldeplikta når det gjeld evt. tiltak på bygningar frå før 1850, men i høve til Plan- og bygningslova er det kommunen si oppgåve å sjå til at det vert teke kulturminneomsyn i kommuneplanar, reguleringsplanar og i handsaming av byggesaker. I praksis kan kommunane ta på seg ein del oppgåver innan kulturminnevernet, slik som utarbeiding av sektorplanar for kulturminne, skjøtselsoppgåver, ansvar i samband med gjennomføring av registreringar, formidlingsopplegg og initiering av istandsetjingstiltak. Kommunen har ansvar for forvaltning av nyare tids kulturminne som ikkje er freda.

Musea

Musea er viktige kompetanseinstitusjonar. Oppgåvene til musea er i fyrste rekkje innsamling, bevaring, dokumentasjon og formidling.

Dei frivillige organisasjonane

Lærdal har eitt aktivt historielag, som i 2017 gav ut heftet «Are tie'» med historiar og soger frå kommunen.

Eigarane

Eigarane av kulturminne og kulturlandskap kan vere den avgjerande faktoren om ein lukkast med vern av kulturminne og skjøtsel av kulturlandskap. Ein del kulturminne er ressurskrevjande å ta vare på. I mange høve er det ikkje mangel på medvit om føremålet med kulturvern som er avgjerande, men tilgangen på ressursar for å ta vare på dei kulturhistoriske verdiane.



Verkemiddel

Sentrale verkemiddel i kulturminnevernet er juridiske og økonomiske verkemiddel og rådgjeving. Juridiske verkemiddel er i størst grad Kulturminnelova og Plan- og bygningslova. Økonomiske verkemiddel og tiskotsordningar kan vera:

Freda kulturminne: Riksantikvaren sine tilskotsordningar går i all hovudsak til freda kulturbygg. Søkningar vert handsama av fylkeskommunen gjennom ordninga *Tilskot til freda bygningar og anlegg i privat eige*.

Kulturminne verna etter plan- og bygningslova: Kulturminnefondet er den store nasjonale ordninga for kulturminne som ikkje er freda. Fylkeskommunen har ei ordning for kulturminne på verdsarvlista.

Andre ordningar:

* Eigarar av bygningar med historisk verdi har i høve eigedomsskattelova § 7b høve til å søkje fritak for eigedomsskatt.

* Stiftelsen UNI og Norsk Kulturarv m.fl. har tilskotsordningar for bevaring av kulturminne og –miljø.

* Utvalde kulturlandskap – Midtre Lærdal: Utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL) er ei oppfølging av nasjonale mål om å ivareta kulturlandskapet. Dette er eit samarbeid og spleiselag mellom styresmakter innan landbruk og miljø. Satsinga er basert på frivillige avtaler mellom staten og grunneigarane. Føremålet med tilskot til tiltak i Utvalde kulturlandskap er å medverke til å sikre verdier knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturminne og kulturmiljø, og å sikre langsiktig skjøtsel og drift.

Rådgjeving

Kommunen har ein rettleiingsfunksjon ovanfor innbyggjarane med omsyn til prosedyrar i kulturminnesaker.

Fylkeskonservator har ei fagleg rådgjevarfunksjon ovanfor kommunane i sakshandsaminga deira og til tiltakshavar som står framfor endringar eller istandsetjing av bygningar. Fylkeskonservator må prioritere kulturminne og kulturmiljø som har ein verdi utover det lokale, eller saker der ei i medhald av lov eller reguleringar har eit spesielt ansvar, og kulturminne som er med i lokale kulturminneplanar.

I Lærdal har Fagrådet for Gamle Lærdalsøyri ei viktig rolle som rådgjevarar i byggjesaker knytt til verneområdet, i samarbeid med byggjesakshandsamar i kommunen.

Universell utforming

Dokumentet *Kulturminnevern og universell utforming – Eit prosessverktøy*, utarbeida av Deltasenteret for Barne- ungdoms- og familiedirektoratet i 2010, er ei praktisk eksempelsamling for korleis ein kan leggje til rette for at kulturminne skal verta universelt utforma – altså tilgjengeleg for alle.



2 Kriteria for vern eller freding

2.1 Kriteria for automatisk freda kulturminne

Faste kulturminne frå før 1537 og alle ståande byggverk med opphav frå tida fram til og med 1649 er automatisk freda etter Kulturminnelova §4:

Følgjande kulturminne frå oldtid og middelalder (inntil år 1537) er freda:

- a) Buplasser, holer, hellere med spor etter folk som har heldt til eller arbeida der, hus- eller kyrkjetufter, kyrkjer, hus og byggverk av alle slag, og restar eller delar av dei, gardshaugar, gards- og tunanlegg og andre busetnadkonsentrasjoner som stapelplassar og marknadsplassar, byanlegg og liknande eller restar av dei.
- b) Arbeids- og verkstads plassar av alle slag som steinbrot og annan bergverksdrift, jernvinne plassar, trekol- og tjæremilar og andre spor etter handverk og industri.
- c) Spor etter åkerbruk av alle slag, som rydningsrøyser, veiter og pløy espor, gjerde og innhegningar og jakt-, fiske- og fangstinnretningar.
- d) Vegfar av alle slag med eller utan bruelegg av stein, tre eller annan materiale, demningar, bruer, vadestad, hamneanlegg og åreskifter, båtstø og båttopptrekk, fergeleie og båtdrag eller restar av slike, seglsperringar, vegmerker og seglmerker.
- e) Forsvarsverk av alle slag som bygdeborgar, skansar, vollar, vollgraver, festningsanlegg og restar av dei og dessuten varder, veiter o.l.
- f) Tingstadar, kultplassar, varp, brønnar, kjelder og andre stadar som arkeologiske funn, tradisjon, tru, sagn eller skikk knytt seg til.
- g) Steinar og fast fjell med innskrift eller bilete som runeinnskrift, helleristningar og hellemaling, skålgroper, sliperenner og annan bergskurd.
- h) Bautasteinar, kors og andre slike minnesmerke.
- i) Steinsetningar, steinlegningar o.l.
- j) Gravminne av eitkvart slag, enkeltvis eller samla felt, som gravhaugar, gravrøyser, gravkammer, brannflakgraver, urnegraver, kistegraver, kyrkjegardar og deira innhengningar og gravmælar av alle slag.

Det same gjelder samiske kulturminne som nemnd ovanfor frå meir enn 100 år tilbake.

Automatisk freda er dei til einkvar tid erklærte ståande byggverk med opprinning frå perioden 1537-1649, om ikkje anna er bestemt av vedkomande myndigheit.

2.2 Vurderingskriteria for vern eller freding

I kulturminneforvaltninga må me kunna grunngje kvifor nokre kulturminne er meir verdfulle enn andre. Det er naudsynt å gjera greie for dei vurderingar som ligg til grunn for prioritering og utveljing av kulturminne og kulturmiljø. Dei faglege vurderingane som skal vektleggjast er:

- Representativitet
Her gjeld det å prioritera kulturminna som på best mogeleg måte representerer dei verdiane me ynskjer å ta vare på. Samtidig skal eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø



sikrast varig vern for å kasta lys over heile historia. Utvalet må visa breidda av spor etter menneska sine liv og levemåte.

- **Samanheng og miljø**
Kva for ein kunnskap me kan få fram, vil vera avhengig av om me vernar eit isolert enkeltobjekt eller om me klarar å ta vare på fleire element som utgjer ein større samanheng. Denne samanhengen, i tid og rom, funksjonelt og sosialt, gjev oss kunnskap ut over det eit enkeltobjekt kan.
- **Autentisitet**
Autentisitet betyr at noko er det som det gjer seg ut for å vera. For at det skal gje meining, må autentisiteten alltid relaterast til noko, til dømes: tid, rom og/eller funksjon. Levetida til materialet er vesentleg når autentisitet skal vurderast. Som hovudregel vil det vera eit minstekrav til mengde originalmateriale i kulturminne for at det skal ha høg verneverdi.
- **Fysisk tilstand**
Det må vurderast om kulturminne eller kulturmiljøet er i ein slik fysisk tilstand at det let seg bevare.
- **Arkitektonisk og kunstnarleg kvalitet**
Opplevinga av eit betydeleg verk har ein verdi som er sær eigen. Det vert lagt vekt på form, struktur, materialval og detaljutforming.
- **Identitet og symbol**
Mange kulturminne og kulturmiljø har særlege kvalitetar som gjer at kjensle av atkjenning og tilhøyrse vert viktige for menneske. Det kan vera konkrete hendingar eller personar som er knytt til staden, eller til tradisjon eller kontinuitet i bruken av området.
- **Økonomi og bruk**
Eigarar vil normalt ta vare på bygningar og anlegg som framleis har ein bruksverdi. Kostnadene vert haldne nede med jamleg bruk og vedlikehald. Dersom tilstanden er god, kan økonomiske og kulturhistoriske argument byggja kvarandre opp til fordel for vern.
- **Økologi**
Bruk av eksisterande bygningar og anlegg har langsiktige og positive effektar for miljøet. Vurderingar i dette kriteriet kan vera faktorar som miljøbelastning (energibruk, ureining og avfall) ved drift og vedlikehald, eller tilpassing/opprusting av eksisterande anlegg.

Eit kulturminne eller kulturmiljø kan relaterast til fleire kriterium. Kva for kriterium det skal leggjast mest vekt på, er avhengig av dei aktuelle kulturminna eller kulturmiljøa me står ovanfor. Dei ulike kriteria kan overlappa og underbyggje kvarandre. Det kan òg leggjast større vekt på enkelte kriterium enn andre. Det er dei same kriteria som skal brukast anten det gjeld vern/ freding eller dispensasjon. Kvar for seg og saman representerer dei kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar og bruksverdiar.



3 Prioriteringar og avgrensingar i planen

3.1 Generelt om prioriteringane som er gjort undervegs i planprosessen

Det er ynskjeleg å skildre dei viktigaste trekka i Lærdal si kulturhistorie ut i frå tema og tidsperiode. Kulturminneverdiane vart i planprogrammet delt inn i overordna tema med undertema. Gjennom planprosessen har nokre av desse prioriteringane vorte endra i nokon grad. Ein såg at prioriteringane som vart gjort i planprogrammet, var for omfattande til å klare å handtere innanfor dei økonomiske rammene ein har til rådighet, og i forhold til arbeidskapasiteten på kulturkontoret. Det vart difor prioritert å nytte mest plass i planen til kapittel om Bygder, gardar og kulturlandskap i denne omgangen, så er tanken å gjere planen meir utfyllande for kvar rullering av planen. Handlingsplanen omhandlar alle kulturminneverdiane, og skal vere eit styringsverktøy for arbeidet innan kultursektoren, uavhengig av kor mykje omtale dei ulike kulturminneverdiane har fått i planen.

3.2 Kulturminneverdiane

Dei ulike prioriterte kulturminneverdiane som vart sett opp i planprogrammet var følgjande:

1. Bygder, gardar og kulturlandskap (kapittel 4)

- Gamle vegar, samferdslehistorie og reiseliv
- Husmannsplassane
- Kulturhistoriske bygningsmiljø, gardstun og bygningar, geile/gote, dyrehald og åkerdrift
- Dei gamle bygdesentra og gamle Lærdalsøyri
- Kyrkjer og kyrkjegardar, med Borgund stavkyrkje som den viktigaste
- Skulehus og forsamlingslokale

Dei neste to kapittele vart i planprosessen korta noko ned, i forhold til det som var tenkt i planprogrammet. Det var ikkje kapasitet til å gjennomføre denne registreringa og omtalen så omfattande som fyrst var tenkt, men dette vil vera prioritert ved neste rullering av plan.

2. Fjell, stølar og utmark (kapittel 5)

3. Krigsminne (kapittel 6)

- Kvardagslivet i krig og krisetid
- Minner over motstandsarbeid
- Okkupantane sine byggverk, brakker, bygningar, forsvarsverk



4 Bygder, gardar og kulturlandskap

4.1 Vegar og vegmiljø

Lærdal er kanskje den kommunen i landet som har flest freda og verna veganlegg frå ulike tidsepokar. Lærdal har heile fire strekningar og vegmiljø i Statens vegvesen sin nasjonale verneplan:

Borgund vegmiljø

Den eldste vegen er ein rideveg frå mellomalderen, òg kalla Sverrestigen, etter kong Sverre, som etter sigande skulle ha ridd på han i 1177. Den fyrste køyrevegen gjennom Vindhellaskaret vart bygd i 1793, etter «det franske prinsipp» (bygd rett fram mellom to punkt). Vegen har ein stigning på 1:4 på det brattaste. Denne vegen vart for bratt for hest og vogn, så han vart erstatta med ein ny i 1843. Denne vegen slynga seg gjennom Vindhella på høge steinmurar. Vegen var framleis bratt med ein stigning på 1:5 på det brattaste. Brukstida for denne vegen vart difor berre 30 år, og i 1872 vart vegen lagt i ein ny trase rundt fjellet Klanten. Denne vegen hadde ein stigning på 1:20 på det brattaste. Dette var standarden for nye hovedvegar på den tida. 1873-vegen ligg under det som no er den gamle E16.

Seltunåsen vegmiljø

Seltunåsen har som Borgund vegmiljø fleire generasjonar vegar. Tre av vegane er forlenginga av dei ved Borgund. Her er òg 1793-vegen bevart sidan 1843-vegen vart lagt i ein annan trasé. Vegen frå 1790-talet ligg på nordsida av Lærdalselvi og bygd på ein til to meter høge rassteinsmurar. Vegen passerer mellom anna den restaurerte husmannsplassen Galdane. I samband med Kongevegsprosjektet er delar av denne vegen sett i stand og det er bygd to nye bruer over elva Sokni, som konstruert etter vegsjef Hammer sine prinsipp. Ridevegen, som truleg er frå mellomalderen, er ein forlenging av Sverrestigen og fremstår mest som ein sti som følger terrenget. Han ligg mye godt under vegen frå 1843. 1843-vegen går på sørsida av elva, fleire stader på høge steinmurar. Stigningen på det brattaste er 1:5. Delar av vegen vart lagt om i 1872. Då vart vegen lagt i dalbotn langs sørsida av Lærdalselvi. Mesteparten av denne vegen ligg under gamle E16, men der det på 1960-talet vart laga tre tunnelar er den gamle vegen bevart på utsida. Den Bergenske postveg går òg gjennom området.

Bergenske Kongeveg

Den Bergenske Kongevegen var den fyrste køyrbare vegen mellom dei to største byane i Noreg. Statens vegvesen har lagt inn fleire av strekningane, både i Lærdal og Vang, inn i sin verneplan. Desse vegstrekningane er no sett i stand i det nett avslutta Kongevegsprosjektet. Kongevegen vart opna i 1793 og var bygt etter «det franske prinsipp», som tyder at vegen skal gå rett fram mellom to punkt. Dette gjer at vegen har ein maksimal stigning på 1:4. Kongevegen er eit viktig nasjonalt kulturminne som bind Austlandet og Vestlandet saman.

Riksveg 5

Riksveg 5 er teke med i verneplanen som eit typisk døme på ein omkøyringsveg frå 1970- og 80-talet. Omkøyringsvegane har hatt stor betydning for utviklinga av tettstadane i Noreg. Omkøyringsvegen vart bygt langs fjellfoten, som ein erstatning for den vegen som gjekk rett gjennom det historiske



sentrum av strandsittjarstaden Lærdalsøyri. Han er difor viktig for bevaringa av det som no er regulert til verneområde.

4.2 Skysstasjonar og hotell

Maristuen og Margretestova

Maristuen har lange tradisjoner som fjellstove. Ein finn referansar til eit sokalla selehus på Maristova allereie på 1300-talet. Stova var bygd med midlar frå munkane på Munkeliv kloster. Det var truleg då staden fekk navnet Margretestova, kanskje via til den heilage Margreta. Den noverande Margretestova stod ferdig i 1791, truleg i samband med opninga av Kongevegen over Filefjell. Margretestova gjev eit innblikk i korleis ei fjellstove frå 1700-talet såg ut. Dette er eit viktig kulturminne både lokalt og nasjonalt.

På Maristuen ligg òg Maristuen kraftstasjon, som vart bygt i 1939 for å gje straum til hotellet. Kraftstasjonen er eit godt bevart døme på korleis ein mindre kraftstasjon såg ut og er difor eit viktig lokalt industrielt kulturminne.

Husum hotell

Som ein del av dette vegmiljøet på Borgund ligg Husum hotell, eit sveitserhotell med utgangspunkt i ein skysstasjon som vart oppretta i 1835. Hovudbygningen vart bygt i 1857 og utvida i sveitsarstil i 1870. Husum er eit relativt intakt kulturmiljø og viktig å bevare som eit ledd i både den lokale og nasjonale reiselivshistorien.

Lindstrøm hotell

Jørgen Christian Lindstrøm og familien flytta til Lærdal i 1845, der han vart handelsmann med gjestgjevarplikt. I 1853 kjøpte dei egedomen som skulle nyttast til gjestgiveri og som seinare vart Lindstrøm hotell. I 1870-åra kjøpte dei «Koefoden», som låg på andre sida av hovdgata og utvida gjestgjevardrifta. På slutten av 1800-talet auka turismen og både hovudbygningen og Koefoden vart utvida i 1885-6 i sveitsarstil, etter teikningar av arkitekt Johan D. I. Faye. I 1898 sto «Nybu» ferdig i hotellhagen, med enda fleire gjesterom. Ut over 1950-talet auka krava til komfort frå gjestene og fleire av dei gamle vestlandshotella fekk bygd sokalla amerikanarfløyar, der alle rom hadde eige bad. I 1958 fekk Lindstrøm hotell sin amerikanarfløy, «Johanhus» teikna av Johan og Jon Lindstrøm. Vinteren 1967-68 fikk hovudbygningen ein moderne fløy i betong, som inneheldt den nye Lindstrømbutikken og fleire gjesterom. Den nye delen var teikna av Jon og Claus Lindstrøm. Sommaren 1968 brann det gamle hotellet ned og vart erstatta med ein utviding av den nye betongfløyen, som stod ferdig i 1972. Siste tilskudd til hotellet er «Salongtilbygget» frå 1986, i tidstypisk tilpassingsarkitektur.

Store delar av hotellanlegget ligg innanfor verneområdet på Gamle Lærdalsøyri. Lindstrøm hotell er viktig, både som reiselivskulturminne, eksempel på fleire stilepokar i hotellarkitekturen og som ein del av heilskapen i verneområdet.

Lærdalsøren hotell

«Lærdalsøren hotell» vart bygd rundt 1880. Hotellet vart forlenga i 1888 og fekk sin noverande sveitserstil. Hotellet vart kjøpt på tvangsauksjon av Knut og Petter Kvamme og fekk namnet «Kvammes hotell». Etter krigen mista hotellet hotelløyvet og vart driven vidare som «Kvammes



pensjonat» til 1979. I dag kallast huset «Lærdalsøren hotell» og er pub, kafe og hotell. Huset er eit typisk mindre sveitserhotell og ligg i verneområdet på Lærdalsøyri. Hotellet er ein markant og viktig del av heilskapen i det verna bygningsmiljøet.

4.3 Husmannsplassane

I indre Sogn var to av tre jordbrukarar husmenn i 1855. Leiga for plassen vart betalt med arbeid på hovudbruket. I tillegg kunne husmennene bli pålagde lønna pliktarbeid. Utvandring til USA, industrialisering og moglegheita for å kjøpe eiga jord, reduserte talet på husmenn. Etter 1920 var det få att. I dag er det berre tuftene att etter dei fleste husmannsplassane. Dei to mest kjende og best bevarde husmannsplassane er Galdane og Halabrekka.

Galdane

Galdane har vore ein husmannsplass under øvre Ljøsne. Stove, eldhus, sauefjøs, fjøs, løe og uteløe er dramatisk plassert i bratt terreng mellom høge fjell nær Lærdalselvi og elva Sokni. Husa på Galdane er ikkje tidfesta, men skriftlege kjelder kan føre plassen attende til 1660. I 1947 flytta dei siste brukarane frå plassen. I dag er bygningane og landskapet restaurert. Bygningane er eigd av Lærdal kommune og nyttast til mellom anna formidling. Galdane framstår som ein autentisk, heilskapeleg, typisk, men no sjeldan husmannsplass. Sett i samanheng med det historiske vegmiljøet i området blir plassen enno meir interessant.

Halabrekka

Husmannsplassen Halabrekka ligg fritt på ein grusterrasse på Tønjum, der Tynjadalen møter Lærdalen. I tunet ligg stove, fjøs, sauefjøs, stabbur og høy- og kornløe. Kring husa ligg geiler, bakkemurar, vatningveiter, buvegar og ryddingsrøyser. Kombinasjonen av bygningsmiljø, kulturmarkstypar og intakt infrastruktur gjer Halabrekka til eit unikt kulturmiljø.

Andre kjende husmannsplassar i kommunen er:

- Sande
- Øvre Kvamme
- Nyborg, Frønningen
- Kyrkjehaugen, Erdal
- Kallevang, Borgund

4.4 Kulturhistoriske gardsmiljø og åkerlandskap

Det gamle, mosaikkprega jordbrukslandskapet med mindre slåtteteigar og mange spor frå den eldre jordbruksdrifta, er ein kulturlandskapstype me finn mykje av i Lærdal. Det er både nasjonalt og lokalt viktige kulturlandskapsområde i kommunen.

I hovuddalføret vert det drive jordbruk frå Lærdalsøyri (ved sjøen) og heilt opp til Maristova, som ligg omlag 800 moh.

Dei klimatiske tilhøva, og den lett drivne sandjorda me finn i store deler av Lærdal, gjev lærdalsbonden moglegheit til å starta våronna tidlegare enn elles i distriktet. Dalen har gode tilhøve for dyrking av korn, grønsaker, poteter, frukt og bær. Kommunen har store utmarksområde med gode beite for husdyr.

**Erdal**

Verdivurdering	Området har regionalt sjeldne eller representative kulturlandskap
Historisk interessante driftsformer	Verdifullt biologisk mangfald, slåttenger, naturbeiteområde, bjørkehage
Verdifulle kulturmiljø og kulturminne	Steingjerde, rydningsrøyser, kanalar og bekkefar
Andre verdier	Friluftsliv og rekreasjon
Planstatus	Landbruks-, natur- og friluftsområde
Aktuell framtidig planstatus	Landbruks-, natur- og friluftsområde

Hauge – Molde

Verdivurdering	Nasjonal sjeldne eller representative kulturlandskap
Historisk interessante driftsformer	Verdifullt biologisk mangfald, slåttenger, naturbeiteområde
Verdifulle kulturmiljø og kulturminne	Steingjerde, kanalar og bekkefar
Andre verdier	Friluftsliv og rekreasjon
Planstatus	Landbruks-, natur- og friluftsområde
Aktuell framtidig planstatus	Landbruks-, natur- og friluftsområde

Stuvane – Hynjo

Verdivurdering	Området har regionalt sjeldne eller representative kulturlandskap
Historisk interessante driftsformer	Verdifullt biologisk mangfald, slåttenger, lauvingstre, naturbeiteområde
Verdifulle kulturmiljø og kulturminne	Særprega tun, steingjerde, rydningsrøyser, kanalar og bekkefar
Andre verdier	Friluftsliv og rekreasjon
Planstatus	Landbruks-, natur- og friluftsområde
Aktuell framtidig planstatus	Landbruks-, natur- og friluftsområde

Seltun – Nese

Verdivurdering	Området har lokalt og regionalt sjeldne eller representative kulturlandskap
Historisk interessante driftsformer	Verdifullt biologisk mangfald, slåttenger, naturbeiteområde
Verdifulle kulturmiljø og kulturminne	Særprega tun, steingjerde, rydningsrøyser, kvernhus, fornminne, kanalar og bekkefar
Andre verdier	Friluftsliv og rekreasjon
Planstatus	Landbruks-, natur- og friluftsområde
Aktuell framtidig planstatus	Landbruks-, natur- og friluftsområde

Midtre Borgund

Verdivurdering	Området har lokalt spesielle eller sjeldne kulturlandskap
Historisk interessante driftsformer	Verdifullt biologisk mangfald, slåttenger, naturbeiteområde
Verdifulle kulturmiljø og kulturminne	Særprega tun, kvernhus, steingjerde, rydningsrøyser, kanalar og bekkefar
Andre verdier	Reiseliv, matkultur, historie, estetikk og oppleving, friluftsliv og rekreasjon




Planstatus	Landbruks-, natur- og friluftsområde
Aktuell framtidig planstatus	Landbruks-, natur- og friluftsområde

Borlaug – Eraker

Verdivurdering	Området har lokalt spesielle eller sjeldne kulturlandskap
Historisk interessante driftsformer	Verdifullt biologisk mangfald, slåttenger, naturbeiteområde
Verdifulle kulturmiljø og kulturminne	Særprega tun, steingjerde, rydningsrøyser, kanalar og bekkefar
Andre verdier	Reiseliv, matkultur, historie, estetikk og oppleving, friluftsliv og rekreasjon
Planstatus	Landbruks-, natur- og friluftsområde
Aktuell framtidig planstatus	Landbruks-, natur- og friluftsområde

4.5 Utvalde kulturlandskap – Midtre Lærdal



Kart: Midtre Lærdal vart i 2018 med i denne ordninga, område er merka med grøn sone. (Kjelde: Forvaltningsplan for Midtre-Lærdal 2018-2028).

22. juni 2018 vart eit område i Lærdal peika ut til å vera med i ordninga "Utvalde kulturlandskap i jordbruket". Satsinga "Utvalde kulturlandskap i jordbruket" er ei oppfølging av nasjonale mål om å ivareta kulturlandskapet. Fylkesmannen kan betale ut tilskot til skjøtsel av areal i samsvar med dei mål og tilrådingar som er fastsett i gjeldande planar for området (forvaltningsplan). Verdiane i kulturlandskapet i jordbruket er avhengige



av framhald i bruk, skjøtsel og vedlikehald for å oppretthaldast. Ei vellukka forvaltning er såleis avhengig av folk med kunnskap, interesse, driftsmidlar og beitedyr som kan ta på seg dei ulike skjøtselstiltaka. Her er grunneigarar og gardbrukarar viktige aktørar. Det er viktig at Lærdal kommune spelar på lag, og legg til rette for dei som ynskjer å bidra til å ta vare på verdiane i Midtre Lærdal som utvald kulturlandskap.

4.6 Dei gamle bygdesentra og Gamle Lærdalsøyri

Lærdal kommune er ein langstrakt dal, og det er relativt store avstandar frå grendene i dei ulike delane av kommunen. Tidlegare var det meir definerte grender og gamle bygdesenter rundt omkring i kommunen. I fleire av grendene var det både matbutikk, kyrkje, ungdomshus, skule, bedehus og kanskje barnehage. Det var små skular i alle dei små grendene Erdal, Vindedalen, Frønningen, Strendene, Tønjum, i tillegg til dei større skulane på Lærdalsøyri, Ljøsne og Borgund. Etter kvart som vegsambanda vart betre, fleire hadde bilar og mange flytta frå dei minste grendene, vart dei mindre skulane lagt ned. Framleis vert bygdesenteret på Borgund kalla «sentrum», og her har dei enno samfunnshus, pub, skule, barnehage og matbutikk. Kyrkja ligg eit stykke utanfor sentrum. Matbutikkane fungerte som samlingsstad i grendene, og slik er det kanskje til ein viss grad enno på Borgund og Ljøsne. Dei gamle ungdomshusa er også i dag forsamlingshus for festar og ulike arrangement i grendene.

Av dei eldre bygdesentra, har sentrum på Lærdalsøyri tidlegare vore gjennom det gamle trehusmiljøet Gamle Lærdalsøyri. Nye sentrum er lagt like utanfor den tidlegare sentrumskjerna. Gamle Lærdalsøyri er ein gamal strandsitjarstad, og området var i utgangspunktet staden der gardane i bygda hadde nausta sine. Etter kvart vaks området til å bli ein viktig handverks- og handelsstad, og var i ein periode så viktig i regionen at det vart søkt om bystatus i 1850. Området består av fleire eldre trehus og fekk status som verneområdet i reguleringsplanen frå 1971. Dette utgjer i dag 161 bygningar i blant annet sveitserstil, bygd på 1700 og 1800-tallet.

I reguleringsplanen frå 1971 vart føremålet med vernet beskrive slik:

Når eldre bygning skal setjast i stand, skal dette gjerast på ein slik måte at bygningen sin karakter ikkje vert brigda.

I reguleringsplanen frå 1992 står det:

To områder er regulert til spesialområde for å verne den kulturhistoriske verdi i bebyggelse, gateløp og utomhusmiljø. Endringar og utbedringar innanfor område kan berre skje etter grundig dokumentasjon av eksisterande situasjon og ein planlegging som også kan gje ein forsvarleg antikvarisk handsaming.

Reguleringsplan for verneområdet på Lærdalsøyri og Forvaltningsplan for Gamle Lærdalsøyri sikrar vern og rammer for forvaltninga i området og gir retningslinjer for mellom anna vedlikehald, restaurering osv. Riksantikvaren og Norsk kulturråd har bidrege til bevaringen gjennom planlegging og tilskot. Bevaringstiltaka omfattar også ein fargeplan og einheitleg skilting.



4.7 Kyrkjer og kyrkjegardar

Tønjum kyrkje

Tønjum kyrkje er den tidlegare hovudkyrkja i Lærdal prestegjeld og tilhørte dåverande Tønjum sokn. Ho vart bygd i 1832 som erstatning for stavkyrkja som bles ned i 1823. Stavkyrkja var frå 1200-talet. Kyrkja er ei relativt lita langkyrkje med eit klassisistisk preg. Sidan ho er listeført må alle tiltak godkjennast av Riksantikvaren. Kyrkja er ein viktig del av kulturmiljøet i bygda Tønjum og markerer sentrum her.

Borgund kyrkje

Borgund kyrkje er den tidlegare soknekyrkja i Borgund sokn i Lærdal prestegjeld. Den vesle treskipa trekyrkja er teikna av Christian Brodtkorb Christie og sto ferdig i 1868. Kyrkja vart finansiert av Fortidsminneforeningen, som betaling for stavkyrkja og utforminga var inspirert av stavkyrkjearkitekturen. Kyrkja hadde takryttar i staden for tårn, taket var tekka med spon, kyrkja var brunbeisa og mange av detaljane var henta frå mellom anna svalgangen på stavkyrkja. Kyrkja fekk skifertak i 1886 og vart etter kvart måla i staden for beisa. Kyrkja er godt bevart både innvendig og utvendig og er ein viktig del av heilskapen på kyrkjebakken. Både det at kyrkja er godt bevart og tilhøve til den freda stavkyrkja, støpulen og kyrkjegarden, gjev Borgund kyrkje ein høg bevaringsverdi. Det er på mange måtar rett å seie at kyrkja er ein av dei første eksempela på tilpassingsarkitektur i Noreg.

Hauge kyrkje

Hauge kyrkje er òg ei treskipa langkyrkje teikna av arkitekt Christian Brodtkorb Cristie. Kyrkja, som stod ferdig i 1869, erstatta ei tømmerkyrkje frå 1600-talet, som sto på garden Hauge. Den nye kyrkja vart plassert rett utanfor den stadig voksande tettstaden Lærdalsøyri, men soknet skifta ikkje namn. Kyrkja er spesiell med to tårn i vestfasaden, ei løysing som berre nokre få andre av Christie sine kyrkje hadde. Kyrkja er eit viktig lokalt kulturminne som landemerke på Lærdalsøyri.

Generelt om kyrkjene og behov for vedlikehald og investeringar

Det er kommunane som har ansvaret for vedlikehaldet av kyrkjene. Dette kan vere utfordrande, då fleire av kyrkjene våre har eit større vedlikehaldsbehov, samstundes som det har vore lite rom for større utgifter til vedlikehald i det kommunale budsjettet dei siste åra. Lærdal Sokneråd har vedteke Plan for kyrkjer og kyrkjegardar i Lærdal 2019 – 2022. Dei har her prioritert vedlikehaldsbehovet dei neste 4 åra, og sett opp kostnadsramme. Gjennomføring av vedlikehaldet er avhengig av budsjetttrammene i åra som kjem.



NR	TILTAK	2019	2020	2021	2022
1.	Borgund kyrkje: måle den utvendig	400.000			
2.	Hauge kyrkje: vaske og måle nedre del, utbetre dører/låskasser	200.000			
3.	Hauge gravplass: vedlikehald og måling av gjerde	300.000			
4.	Borgund kyrkje: utbetring av orgel		100.000		
5.	Borgund kyrkje: vedlikehald av golv		100.000		
6.	Tønjum kyrkje: vedlikehald av golv		100.000		
7.	Hauge kyrkje: vedlikehald av golv		100.000		
8.	Tønjum gravplass: nytt vegdekke inngang		100.000		
9.	Hauge gravplass: nytt vegdekke gangvegar			300.000	
10.	Borgund gravplass: nytt lagerbygg				400.000
	Sum	900.000	500.000	300.000	400.000

Tabellen er frå møteprotokoll i Lærdal Sokneråd 19.09.18, vedtak av Plan for kyrkjer og kyrkjegardar i Lærdal 2019-2022.

Automatisk freda kyrkjer og kyrkjegardane

Borgund stavkyrkje

Borgund stavkyrkje frå om lag år 1200 er ein av dei best bevarte stavkyrkjene i Noreg. Stavkyrkja vart kjøpt av Fortidsminneforeninga i 1877 og vart teke ut av bruk i 1868, då nykyrkja sto ferdig. Fortidsminneforeninga eig framleis kyrkja, som no er museum. Ho er ein av dei mest besøkte turistattraksjonane i Sogn og Fjordane og i 2006 vart det innvia eit besøksenter rett ved ho. Stavkyrkja er eit nasjonalt og internasjonalt viktig kulturminne.



**Klokkestøpulen**

Klokkestøpulen som tilhører stavkyrkja er framleis eigd av kyrkja i Lærdal og vert nytta som klokketårn. Støpulen er den einaste attverande mellomalderstøpulen i Noreg og difor eit viktig nasjonalt kulturminne.

Borgund gravplass

Borgund gravplass er ein automatisk freda mellomalderkyrkjegard, som framleis er i bruk. Gravplassen er eigd av kyrkja i Lærdal.

Hauge gravplass

Hauge gravplass er ein automatisk freda mellomalderkyrkjegard som ligg på garden Hauge, der Hauge stavkyrkje sto. Gravplassen er ikkje i bruk og er privateigd. Kyrkjegardsmuren vart restaurert i 2015 og det er planar om å gjere gravplassen meir tilgjengeleg med avkøyring og informasjonsskilt.

4.8 Skulehus og forsamlingslokale

Frilund ungdomshus

Lærdalsøyri ungdomslag vart stifta i 1884 og hadde etter kvart mykje av aktiviteten i Turnhuset på Øyri. I 1902 kjøpte ungdomslaget Turnhuset. Etter kvart kom ønsket om eit spesialbygd ungdomshus og i 1923 stod huset ferdig etter teikningar av arkitekt Johan Lindstrøm. Huset vart delvis bygt av rivingsmateriale frå Turnhuset. Lindstrøm vart etter kvart arkitekt for fleire ungdomshus og andre forsamlingshus i Sogn og Fjordane og Hordaland. Ungdomshuset som har namnet Frilund, er bygd i typisk 1920-talsklassisisme, med tempelfasade. Ungdomshuset er godt bevart med mellom anna «titteskaps scenen» intakt. Dette og at det er ein karakteristisk bygning frå sin tid, gjer ungdomshuset til eit viktig kulturminne, regionalt og nasjonalt.

Rimskjold ungdomshus

Vindhella ungdomslag vart skipa 11. desember 1904. Laget hadde møta sine i skulehuset, men til somme større arrangement fekk dei låna hus rundt på gardane. Heilt frå starten hadde laget eit ønske om å få sitt eige hus. Dei ville ha eit romsleg og praktisk hus og dei ville ha plass for folkebad, ei sak laget hadde arbeidd for i fleire år. I 1933 vart det vedteke å gå i gang med å byggja. Etter nødvendig førebuingarbeid tok byggjinga til sommaren 1934 og om hausten same året stod huset ferdig. Under andre verdskrigen vart ungdomshuset nytta som innkvartering av soldatar som skulle vidare til Austfronten. Vindhella ungdomslag har ingen aktivitet lengre, men huset inneheld ei veghistorisk utstilling. Bygningen er i det store og heile, slik han var da han vart bygd, og er kanskje eit av dei best bevarte ungdomshusa i Sogn og Fjordane. Dette og krigshistoria til ungdomshuset gjer det til eit viktig regionalt kulturminne.

Rikheim skule

Rikheim skule vart bygd i 1869. Skulen vart kjøpt av Lærdal kommune i 1989 og vedteke nytta som skulemuseum i Lærdal. Skulemuseet opna i 1995 som eit samarbeidsprosjekt mellom kulturkontoret og skulekontoret. I åra før opninga vart det gjort eit stort innsamlingsarbeid av skulemateriell, bøker og inventar frå dei ulike skulane i kommunen. Dette er difor eit viktig lokalt kulturminne.

**Husum skule**

Husum fekk eigen skule i 1872 og noverande skulehus er frå 1930. Huset er godt bevart og har vore i kommunalt eige, men er no vedteken seld. Skulebygningen har lokal kulturminneverdi.

Vindedal skule

Vindedalen skule vart bygd i 1907 og vart nedlagt i 1961. Skulen er i dag i privat eige, men er godt teken vare på og har det originale interiøret i behald.



Bilete: Skulehuset i Vindedalen

Lærdalsøyri gamle skule

Lærdalsøyri gamle skule fungerer i dag som ungdomsklubb. Skulen vart bygt i 1902 og er eigd av kommunen. Bygget har fleire feil og manglar og treng difor ein solid restaurering. Det er ikkje avklart kva som skal skje med bygget og ein avventar om det skal seljast eller restaurerast.

Strendene skule

Strendene fekk eige skulehus i 1905, men dette vart øydelagd av eit ras i 1921. Skulehuset som står i dag vart bygd opp att i 1922. Strendene skulekrins vart lagd ned i 1977. Per i dag er det ingen aktivitet i bygget. Skulehuset står på privat grunn, men er i kommunalt eige.

Berge skule

Berge skule vart bygt fyrst på 1900-talet. Bygget har tidlegare fungert som ungdomsklubb, verkstad og butikk. Det er kommunen som eig bygget og det har blitt lagt ut for sal. Per i dag er det ingen aktivitet i bygget.

Ungdomshus i Erdal og Tønjum og Borgund

Det fins også fleire ungdomshus i dei ulike grendene. Desse blir i dag vedlikehaldt og drifta av ungdomslaga i kommunen.



5 Fjell, stølar og utmark

Lærdal kommune har store fjellområde over skoggrensa og mange bratte skogkledde fjellsider. Av kommunen sitt areal på om lag 1300 kvadratkilometer, er berre 2-3% dyrka mark og busettområde. Bruk av utmarka har lange tradisjonar i landbrukskommunen Lærdal, og spora er mange etter ulik bruk. Her kan nemnast hustufter etter husmannsplassar og utmarksløer, attgrodde slåttmarker og åkerland, stølar på fjellet og i dei bratte liene, vatningsveiter, lauvingstre, dyregraver og andre spor etter fangst i høgfjellet. Fangstgraver og bogesteller i høgfjellet syner at villreinen har vore viktig for lærdøler alt i steinalderen.

Langs etter fjorden og oppe på berghyllene eller rett over tregrensa finn ein fleire små gardar og stølar. Sjølv om dei som busette seg der prøvde å plassere husa slik at dei låg tryggast mogleg til for



snø- og steinskred, var dette likevel ein fare som mange måtte leve med. Busetjinga syner eit nøysamt jordbruk tilpassa ein farefull, men samstundes rik natur. I fleire av fjelldalane og skogsliene finn ein gamle stølar/sætrar. I dag er ingen av desse i drift, men framleis er det gode beite på stølane. Utmarksbeitene er viktige også i dag for landbrukarane, fordi innmarka må nyttast til produksjon av vinterfôr, frukt, bær og/eller grønsaker. Før flytta gjerne medlemar i familien opp til stølane om sommaren, og levde der saman med husdyra.

Bilete: Vedklyving på stølen Nyborg ei gong mellom 1900-1910. Lokalhistorisk arkiv.

Fleire av stølane er i nyare tid restaurerte. Dei fleste av stølshusa vert i dag nytta som hytter, jakt- og/eller sankebu. Fleire av stølane er godt ivaretekne, og det har vore lagt vekt på at i dei best bevarte stølsmiljøa, skal nye bygningar leggjast utanfor det gamle stølsområdet. Mange av ferdsevegane og stiane dit er rydda og merka, så det er mogleg å vitje dei og oppleve litt av kulturhistoria.



6 Krigsminne

6.1 Generelt

Lærdal var ein viktig stad for okkupasjonsmakta under andre verdskrig. Den sentrale plasseringa mellom aust og vest gjorde at okkupantane brukte staden som eit viktig strategisk utgangspunkt i krigføringa. Det er tatt vare på fleire nedskrivingar av krigsminna i kommunen. Desse fins i Kulturkontoret sitt lokalhistoriske arkiv.

6.2 Kvardagslivet i krig og krisetid

Kulturkontoret har bidrege til to hefter om krigen i Lærdal *No lukta det fred* (1995) og *To dagbøker frå april 1940* (2000). I desse hefta er det gitt stor plass til skildringar av kvardagslivet og skildringar av krigen frå augevitne. Sjølv om folk flest ikkje var direkte involvert i krigen, prega den mykje av kvardagen deira. Det var stor flytrafikk og mykje flydur. Bilar, hus, hestar og mat vart rekvirert av både tyske og norske soldatar. Folk måtte evakuera Lærdalsøyri etter at fly hadde kasta ut brannbomber. Sjølv om enkelte av bombene traff hus, var det ingen hus som brann ned. Viktige møteplassar som ungdomshus og forsamlingshus vart okkuperte av tyske soldatar, så det var få stadar bygdefolket kunne samlast. Menn vart tekne ut som soldatar og medlemmar i skyttarlaget måtte stilla opp om nødvendig. Fleire engasjerte seg i motstandsarbeidet.

Frønningen var ein viktig Milorg-stad. Her var det treningsleir for milorgfolk på Vestlandet. Mykje våpen vart gøymd i ei gamal jernmalmgruve på Solsnes, Frønningen.



6.3 Minner over motstandsarbeid

Ei av dei mest dramatiske hendingane i fylket under invasjonen i 1940 var i Borlaugskrysset 29. april 1940. Fire norske soldatar fall då 150 tyske soldatar kom over Hemsedalsfjellet og gjekk til åtak på norske soldatar som var på veg vestover etter kampar i Valdres. På Borlaug står det i dag ei støtte for å minnast dei falne. Ein av dei falne, Kristian Johnsen Kullerud frå Røyken, ligg gravlagd på kyrkjegarden i Borgund. Kvar 17. mai blir det lagt ned ein krans på soldatgrava på Borgund.

*Bilete: Frå kransenedlegging på Borgund 17.mai.
Lokalhistorisk arkiv.*



På Øyramarki på Lærdalsøyri står det ein bautastein som vart reist i 1902. Steinen er til minne om Det Lærdalske lette infanteri-kompagni, ei militærvdeling i ufredsåra 1807-1814. Kvar 17. mai blir det lagt ned krans ved bautasteinen for å heidre alle falne soldatar frå Lærdal gjennom tidene.

Bilete: Frå reisinga av Bautasteinen i 1902. Lokalhistorisk arkiv.

6.4 Okkupantane sine byggverk



I Lærdal vart det plassert ut over 1000 soldatar i brakker på ekserserplassen på Øyramarki. Maristuen Hotell vart ei tid rekvirert av Gestapo. Fleire hotell som Lærdalsøren hotell og Lindstrøm hotell, samt prestegarden på Tønjum vart også okkupert og brukt som hus og kontor for tyske soldatar.

Mellom Seltun og Husum ligg det att restar etter miltraljøsereir og bombekastarstillingar som tyskarane fekk laga til under krigen. Desse verka er skildra i ei sær oppgåve av Nils Roar Sælthun og er arkivert i kommunen sitt lokalhistoriske arkiv. På Lærdalsøyri og i Erdal finn ein også restar etter forsvarverk. Desse vart plassert her for å halde kontroll over ferdsele på fjorden.

Bilete: Tyskarane overtok ei rekkje hus, mellom anna dette huset i Borgund. Lokalhistoriske arkiv.



7 HANDLINGSPLAN

Handlingsplanen er delt i to delar:

Kap. 7.1: Sakshandsaming, prioriteringar og tiltak

Kap. 7.2: Tidslinje, finansiering og ansvarsfordeling

Kap. 7.3 Økonomiske konsekvensar ved gjennomføring av plan

7. 1 Sakshandsaming, prioriteringar og tiltak

Retningslinjer for sakshandsaming

Retningslinjene som er omtala under dette punktet her bør innarbeidast i reguleringsføresegnene når bygningar/anlegg vert regulert til omsynssone for bevaring av kulturmiljø/kulturminnevern/kulturlandskap. For bygningar/anlegg som ikkje inngår i ein reguleringsplan, er desse retningslinjene ei tilråding om måten å behandla einskildsaker. Siktemålet med denne delen av planen er å gje kommunen eit grunnlagsmateriale i arbeidet med å integrera kulturminnevernet i den kommunale planlegginga. Planen skal gje eit oversyn over og vurdering av objekta, og gje signal om kva verneinteresser som finst når det skal utarbeidast areal- og reguleringsplanar, og ved behandling av byggje- og rivings saker. Samstundes skal planen fremja konkrete tiltak og høvelege verkemiddel. Ved utarbeiding av arealdelen til kommuneplanen og reguleringsplanar bør kulturkontoret kontaktast tidleg i planprosessen og trekkast inn i planarbeidet før 1. gongs saksbehandling i planutvalet.

Sakshandsaming knytt til verneklassar

Som før nemnt vart SEFRAK-registreringane evaluerte, og då plasserte i **verneklasse A, B** eller **C** etter ein analysemodell utarbeidd av SEFRAK-registeret. (Viser til verneliste for Lærdal – bygningar og bygningsmiljø).

Dei tre verneklassane refererer til det gjeldande regelverket innan kulturminneforvaltninga. Evalueringa er gjort etter ein metode som går ut på å analysa, vurderer og fastsetja verneverdien til ein bygning eller eit kulturminne. Nærare om dette finn ein i *Evaluering av kulturminne i Lærdal kommune*, Fylkeskulturkontoret i Sogn og Fjordane 1995 ved sivilarkitekt Camilla Mohr.

Klasse A er fredningsverdige kulturminne, klasse B er verneverdige, medan klasse C er resten av dei registrerte bygningane, i hovudsak bygningar/anlegg frå før 1900 der plan- og bygningslova sine generelle reglar gjeld. Objekt som kjem til etter kvart, bør og plasserast i verneklassar tilnærma SEFRAK-registeret sine retningslinjer.

Generelle sakshandsamingsreglar for bygningar og anlegg med verneklasse

Byggjesaker som gjeld hus og anlegg i verneklasse A og B og eventuelt regulert til spesialområde bevaring/omsynssone skal behandlast av byggjesaksavdelinga, men skal leggjast fram for



kulturkontoret til uttale. Saker som gjeld riving og fjerning av kulturminne i klasse A skal behandlast av formannskapet.

For å sikra ei kulturminnefagleg vurdering ska kommunen melda frå til fylkeskommunen si kulturavdeling om riving eller ombyggingar av bygningar og anlegg som er, eller kan vera, oppført i perioden 1650 til 1850. Meldinga omfattar alle tiltak som krev løyve etter plan- og bygningslova. Ståande byggverk frå 1537 til 1650 skal behandlast som automatisk freda når det føreligg erklæring frå kulturminnemyndigheitene om at dei er frå dette tidsrommet.

Om det oppstår uventa eller nye problem under byggjearbeida slik at godkjende planar må fråvikast, skal kommunen varslast. Avdeling for byggjesaker saman med kulturkontoret og eigar bør då prøva å finna løysingar som òg tilfredsstillar vernekravet.

Ved restaurering, rehabilitering, endringar m.m. for bygningar/anlegg i verneklasse A og B skal ein så langt råd nytta føretak med kompetanse innan både prosjektering og utføring, og som har erfaring innan **nasjonal** og **lokal** byggeskikk. For prosjektering og kontroll av prosjektet krev ein sivilarkitektkompetanse. For utføring og kontroll av utføring krev ein meisterbrev eller antikvarisk bygningskyndig kompetanse.

Sakshandsamingsreglar knytt til verneklassane:

Verneklasse A

Kulturminne/anlegg i verneklasse A har svært høg verdi som ein i prinsippet ikkje skal akseptera å mista. Ideelt sett bør alle kulturminne i klasse A fredast etter Kulturminnelova, men eit siktemål for Lærdal må vera å få innarbeida omsynssoner etter Plan- og bygningslova for alle kulturminne i verneklasse A, etter kvart som dei er omfatta av reguleringsplanprosessar.

Det bør føreliggja vektige argument for å gjennomføra utvendige endringar på hus/bygg i verneklasse A. Ved vedlikehald skal ein ta vare på dei opphavelige eller gamle bygningselementa og detaljane så langt råd som kledning, vindauge, dører, listverk og overflatebehandling. Arbeid som ikkje medfører utskifting av bygningsdeler eller endring av materialbruk, kan ein utføra utan at antikvariske myndigheiter vert varsla. Tiltak utover vanleg vedlikehald og arbeid som medfører endringar skal meldast til byggjesaksavdelinga i kommunen. Om- og påbyggingar og fasadeendringar vil også vera meldepliktig etter plan- og bygningslova. Dersom det er nokon som helst tvil om saka er søknadspliktig/meldepliktig skal tiltakshavar ta kontakt med byggjesakshandsamar.

Utskifting:

Desse endringane krev førehandsgodkjenning:

- Heil eller delvis utskifting av grunnmur, utvendige trapper, vegger eller tak
- Utskifting av utvendig veggkledning, verandaer, vindauge, dører, listverk og piper
- Endring av utvendig farge, overmåling av dekor



Ombygging:

Viktige prinsipp i ombyggingssaker:

- Bevara eksteriøret så langt råd er
- Enkelte høve nødvendig og viktig med ombygging for tilfredstillande bustandard
- Finna løysingar som tilfredsstillar eigaren sitt behov og tek omsyn til antikvariske verdiar

Påbygging:

I nokre svært få situasjonar vil påbygging vera den beste løysinga for å sikre framhald i bruken av ein verneverdig bygning. Påbygget bør ha rot i tradisjonelle løysingar. Alle tilbygg/påbygg må godkjennast på førehand.

Tilbakeføring:

Tilbakeføring til tidlegare utsjånad vert rekna som endring og må vurderast særskilt ved kvart einskild høve. Endringar ein bygning har gått gjennom over tid, kan vera interessant bygningshistorie som ein bør ta vare på.

Verneklasse B

Også verneklasse B er kulturminne med høg verneverdi. Dei har stor samfunnsverdi og er ein verdfull del av livsmiljøet, men har svakare vern enn klasse A. Her må ein akseptera meir at eigedommane kan gjennomgå endringar og tiltak som er meir for eigaren sine interesser enn etter antikvariske krav.

På same måte som for verneklasse A gjeld at hovudprinsippet for vedlikehald er bevaring av opphavelige eller gamle bygningselement og detaljar så langt råd er: utvendig kledning, vindauger, dører, listverk og overflatebehandling.

For hus i verneklasse B skal om- og påbyggingar, arbeid som fører med seg fasadeendring og større reparasjonar meldast til byggesaksavdelinga i kommunen. Ved mindre reparasjonar som inneber utskifting av materialar eller andre inngrep, skal ein rådføra seg med kulturkontoret gjennom Fagrådet for Gamle Lærdalsøyri. Fagrådet er ei arbeidsgruppe/instans som består av representantar frå kulturkontoret, bebuarar i verneområdet, arkitekt og bygningsteknisk fagperson. Alle byggjesaker innanfor verneområdet vert sendt til Fagrådet på høyring, og dei deltek på synfaringar og møter med grunneigarar, gjerne også i førehandskonferansar.

Verneklasse C

Her er alle bygningane som ikkje kjem inn under A og B av dei registrerte bygningane plasserte; i hovudsak bygningar/anlegg frå før 1900. Det er dei bygningane som ikkje er funne så antikvarisk verdifulle at spesielle vernetiltak er nødvendige. Her gjeld plan- og bygningslova sine generelle reglar og ein føreset at dei får vanleg behandling i forvaltninga.

Forvaltning av kulturminne i kommunalt/offentleg eige

Lærdal kommune ønskjer å vere eit føredøme i arbeidet med å ta vare på kulturarven vår. Lærdal kommune skal syte for at dei verneverdige husa som er i kommunal eige vert teke vare på på ein god måte. Lærdal kommune er inne i ein prosess med å selje fleire kommunale eigedomar. Mellom anna ein del med historisk verdi.



Dei historiske vegane

Lærdal kommune har i nokre år hatt ei stilling som vegvaktar for dei historiske vegane, som Kongevegen ved Galdane og vegen over Seltunåsen. Denne stillinga har vore 60%. Stillinga og vedlikehaldet har vore finansiert med kommunale midlar og midlar frå historisk avdeling i Statens vegvesen Region vest. Gjennom prosjektet Kongevegen over Filefjell har store delar av den historiske vegen blitt restaurert og skilta som turveg frå Vang til Lærdal. Prosjektet var eit samarbeid mellom Lærdal og Vang kommune, Oppland og Sogn og Fjordane fylkeskommune og Statens vegvesen Region aust og vest. Lærdal kommune har utarbeidd ein forvaltningsplan for verneplanstrekningane frå Oppland grense til Seltun. Vegvoktartilting og vedlikehaldet av vegane vert finansiert av Lærdal kommune og Statens vegvesen Region vest. Lærdal kommune har no ansvaret for det vidare vedlikehaldet av vegane, oppsyn med vegetasjon og vedlikehald og oppdatering av skilting.

Tiltak

Lage skjøtelsesplanar/forvaltningsplanar for dei resterande historiske vegstrekningane, og oppdatere/fornye dei eksisterande skjøtelsesplanane. Søke om vidare ekstern finansiering for å halde fram vedlikehald og skjøtsel av alle dei historiske vegstrekningane. I handlingsdelen for den neste 4-års-perioden vert det prioritert å oppdatere eksisterande skjøtelsesplanar. Det må vurderast ved neste rullering av plan om ein har kapasitet og ressursar til å prioritere å lage skjøtelsesplanar for dei resterande historiske vegstrekningane innan 10-års-perioden.

Verneverdige bygningar i kommunalt eige

Generelt

Kommunen eig fleire verneverdige bygningar. Fleire av desse har langt etterslep på vedlikehald, og er ikkje omfatta av vedlikehaldsplanar.

Tiltak: Utarbeide vedlikehaldsplan for alle verneverdige bygningar i kommunalt eige.

Telegrafan

Samferdsle- og kommunikasjonshistoria er viktig i Lærdal og det er viktig å formidle den saman med veghistoria og historia om samferdsle på fjorden. Telegrafan bør òg nyttast til formidlinga av historia til tettstaden Lærdalsøyri og verneområdet.

Det vil i dei neste åra vere trong for å oppdatere utstillingane. Resepsjons- og butikkområdet fungerer ikkje optimalt i dag og bør gjerast om på. Det bør og lagast ein driftsmodell for huset slik at det vert nytta meir enn i dag.

Maihaugen har ansvaret for Postustillinga, medan Lærdal kommune har teke over ansvaret for Telemuseet, men i samarbeid med Telenor si historiske avdeling.

Tiltak: Oppdatere post- og teleutstillinga i Telegrafan er innarbeida som tiltak i handlingsplan for den neste 4-års-perioden. Det bør vurderast ved neste rullering av plan, om det er kapasitet og ressursar til å utarbeide driftsmodell for bygningen.



Kulturbanken

Kulturbanken tidlegare Lærdal sparebank og herredstyresal stod ferdig i 1926 etter teikningar av Lærdalsarkitekten Johan Lindstrøm (1893-1958). Bankbygningen er i fredningsklasse og vert rekna som ein av dei viktigaste 1920-talsbygningane i landet. I dag vert Kulturbanken nytta av kulturskulen. Bygningen har eit etterslep på vedlikehald og bør pussast opp både innvendig og utvendig. Lærdal kommune har i 2015 i samarbeid med Riksantikvaren installert sløkkeanlegg i Kulturbanken.

Tiltak: Lærdal kommune bør få utarbeidd ein tilstandsrapport/vedlikehaldsplan. Deretter bør det bli sett i gang eit eige vedlikehaldsprosjekt for bygningen som kulturkontoret søker ekstern finansiering for. Det bør verte laga ein plan for ein berekraftig bruk av bygningen, forvaltning og drift, og om samarbeid med dei ulike aktørane. Finansiering av tiltaket vert fremja/vurdert i samband med rullering av økonomiplanen. I denne handlingsdelen vert det prioritert å utarbeide vedlikehaldsplan for bygningen. Gjennomføringen av vedlikehaldet må vurderast innarbeidd i handlingsdelen ved neste rullering.

Fanteloftet

Fanteloftet er ei av dei få museale bygningane kommunen eig i verneområdet. Saman med Henrikstova vert loftet nytta til formidling av historia til Lærdalsøyri. Loftet er eit av dei få lofta som har sin opphavelige inndeling med naust i fyrste høgdi og bustad i andre. Bygningen vart erverva av Lærdal kommune i 1998 frå Lærdal energi for å ta vare på det som eit viktig kulturminne og del av kulturminnemiljøet på Løytnantsbryggja. Bygningen er i god stand etter at han vart reparert etter antikvariske prinsipp i regi av Arbeidsutvalet for Gamle Lærdalsøyri (tidlegare arbeidsgruppe som gav bistand til kommunen og huseigarar i saker knytt til verneområdet). I Riksantikvaren sin fredningstrategi blir kulturminna til dei nasjonale minoritetane framheva som eit viktig satsingsområde. Lærdal kommune bør kome i ein dialog med Riksantikvaren om moglegheita for å sette i stand Fanteloftet for å kunne formidle historia til dei reisande i Sogn.

Tiltak: Lærdal kommune bør få utarbeidd ein tilstandsrapport/vedlikehaldsplan. Deretter bør det bli sett i gang eit eige vedlikehaldsprosjekt for bygningen som kulturkontoret søker ekstern finansiering for. Det bør verte laga ein plan for ein berekraftig bruk av bygningen, forvaltning og drift, og om samarbeid med dei ulike aktørane. Finansiering av tiltaket vert fremja/vurdert i samband med rullering av økonomiplanen. I denne handlingsdelen vert det prioritert å utarbeide vedlikehaldsplan for bygningen. Gjennomføringen av vedlikehaldet må vurderast innarbeidd i handlingsdelen ved neste rullering. Det vert og prioritert i denne handlingsdelen å lage eit formidlingsopplegg for Fanteloftet.

Rikheim skule

Rikheim skule vart kjøpt av Lærdal kommune i 1989 og vedtatt nyttast som skulemuseum i Lærdal. Skulemuseet opna i 1995. For at dette skal fungere etter intensjonen, må den skulehistoriske utstillinga på Rikheim skule oppdaterast og haldast vedlike, og det bør lagast eit undervisningsopplegg i samarbeid med skulen i Lærdal. Bygningen bør og vedlikehaldast.


Tiltak: Lærdal kommune bør få utarbeidd ein tilstandsrapport/vedlikehaldsplan for bygningen. Deretter bør det bli sett i gang eit eige vedlikehaldsprosjekt for bygningen som kulturkontoret søker ekstern finansiering for. Det bør verte laga ein plan for ein berekraftig bruk av bygningen, forvaltning og drift, og om samarbeid med dei ulike aktørane. Finansiering av tiltaket vert fremja/vurdert i samband med rullering av økonomiplanen. I denne handlingsdelen vert det prioritert å utarbeide vedlikehaldsplan for bygningen. Gjennomføringen av vedlikehaldet må vurderast innarbeidd i



handlingsdelen ved neste rullering. Det vert og prioritert i denne handlingsdelen å lage eit opplegg for skulehistorisk formidling på Rikheim skule.

Gamle Lærdalsøyri skule

I den tidlegare skulen på Lærdalsøyri er det i dag ungdomsklubb. Bygningen har opp gjennom åra vore nytta til ulike føremål, også til lokalitet for Lærdal Røde kors, øvingslokale for kulturskulen og diverse anna. Situasjonen kring bygningen er i dag svært uavklart, då det er usikkert om ungdomsklubben framleis skal vera i bygningen. Framtidsplanene for bygningen er heilt avgjerande for kva tiltak ein vel å utføre. Bygningen vert ikkje omtala i denne planen under tiltak, men bør verte vurdert nærare i neste revidering av plan, når vidare bruk av bygningen er avklara.



Bilete: Leik på skuleplassen utanfor Lærdalsøyri skule i 1934. I dag held «Kosen» Ungdomsklubb til i bygningen.

*Rimskjold**

Huset er eigd av det «sovande» Vindhella ungdomslag og er i praksis drifta av kommunen. Rimskjold er eit av dei få intakte og uendra ungdomshusa i Sogn og Fjordane og har difor interesse ut over det lokale. Huset er òg eit viktig krigsminne sidan det vart nytta som transittstad for soldatar som skulle sendast vidare til Austfronten. I dag inneheld huset ei veghistorisk utstilling som er ope for publikum i sommarsesongen. Det bør skaffast midlar til å oppdatere den veghistoriske utstillinga og til å formidle sjølve ungdomshuset si historie.

Tiltak: Lærdal kommune bør få utarbeidd ein tilstandsrapport/vedlikehaldsplan. Deretter bør det bli sett i gang eit eige vedlikehaldsprosjekt for bygningen som kulturkontoret søker ekstern finansiering



for. Det bør verte laga ein plan for ein berekraftig bruk av bygningen, forvaltning og drift, og om samarbeid med dei ulike aktørane. Finansiering av tiltaket vert fremja/vurdert i samband med rullering av økonomiplanen. I denne handlingsdelen vert det prioritert å utarbeide vedlikehaldsplan for bygningen. Gjennomføringen av vedlikehaldet må vurderast innarbeidd i handlingsdelen ved neste rullering.

*Henrikstova**

Henrikstova er i privat eige, men er leigd og forvalta av kommunen for å kunne formidle historia til småårsfolket på strandsittjarstaden Lærdalsøyri. Stova er og eit interessant bygningsminne, som ei av dei få akershusiske stovene i Lærdal med den opphavlege romplanen intakt. Lærdal kommune har nyleg reparert torvtaket på stova.

**Eigd av andre, men forvalta av kommunen*

Tiltak: Lærdal kommune bør få utarbeidd ein tilstandsrapport/vedlikehaldsplan. Deretter bør det bli sett i gang eit eige vedlikehaldsprosjekt for bygningen som kulturkontoret søker ekstern finansiering for. Det bør verte laga ein plan for ein berekraftig bruk av bygningen, forvaltning og drift, og om samarbeid med dei ulike aktørane. Finansiering av tiltaket vert fremja/vurdert i samband med rullering av økonomiplanen. I denne handlingsdelen vert det prioritert å utarbeide vedlikehaldsplan for bygningen. Gjennomføringen av vedlikehaldet må vurderast innarbeidd i handlingsdelen ved neste rullering. Om ikkje bygningen skal verte nytta av kommunen, bør avtalen med eigar seiast opp.

Forvaltning av kulturminne i privat eige

Freda bygningar

Lærdal har mange freda, verna og verneverdige bygningar. Dei freda bygningane er det fylkeskommunen som har forvaltingsansvaret for. Dei skal verte kontakta når ein eigar ynskjer å gjere endringar eller andre tiltak på bygningen. Eigarar av freda bygningar kan søke fylkeskommunen om midlar til antikvarisk vedlikehald og istandsetjing. Kommunen har likevel eit ansvar for dei freda bygningane, som plan- og byggesaksmyndigheit. Det er kommunen si oppgåve å syte for at det blir tek omsyn til freda kulturminne i reguleringsplanar og i byggesaker. Kommunen skal syte for at det vert lagt tilstrekkelege omsynssoner rundt kulturminna.

Tiltak: Lærdal kommune skal legge til rette for at eigarar av freda bygningar i kommunen skal vere i stand til å ta vare på den kulturarven dei er sett til å forvalte. Kommunen skal syte for at det blir laga gode rutinar for at det blir tatt omsyn til freda bygningar og andre kulturminne i alle plansaker og i byggjesaker.

Verneområdet

Gamle Lærdalsøyri har vore bevaringsområde sidan 1971 og utgangspunktet var eit ynskje om å ta vare på den unike strandsittjarstaden i det verneverdige trehusmiljøet. Vernet omfattar over 160 ulike bygningar med ulike funksjonar. Det er viktig for kommunen at både huseigarane, byggenæringa og handverkarar har best mogleg kompetanse innanfor tradisjonshandverk, søknadsskriving, restaurering osv. Lærdal kommune bør samarbeide med Sogn og Fjordane fylkeskommune, Riksantikvaren, Fortidsminneforeninga og De Heibergske samlinger om å arrangere



kurs og seminar om kulturminnevern og tradisjonshandverk. Det er viktig at Forvaltningsplanen for verneområdet på Gamle Lærdalsøyri og Forvaltningsplanen for buffersona kring verneområdet vert utarbeida/fornya, slik at dei er i tråd med Reguleringsplan for verneområdet og Kommunedelplan for Lærdalsøyri. Kommunen bør generelt leggje til rette for at det verna bygningsmiljøet vert best mogleg ivareteke.

Tiltak: Kommunen har for nokre år sidan vedteke Detaljregulering for Øyragata, Esso – Lindstrøm, som var ein plan for nytt gatedekke for køyrevegen/gågata og sidevegane. Det er viktig at denne vert gjennomført, for å auke attraktiviteten i området, og for å hindre råteskadar pga. vasssprut frå køyrande. Kommunen må handtere dette i arbeidet med Økonomiplanen, så dette vert ikkje teke med som eige tiltak i denne omgang, då det ikkje er tilgjengelege økonomiske ressursar til gjennomføring i dag. Tiltaket bør vurderast innarbeida i handlingsdelen ved neste revidering av plan. Det bør utarbeidast Forvaltningsplan for verneområdet og buffersona kring verneområdet som er i tråd med Reguleringsplanen for verneområdet og Kommunedelplan for Lærdalsøyri. Å arrangera kurs vert ikkje sett opp som eige punkt i handlingsdelen, då dette er kurs som i hovudsak vert arrangert av andre enn kommunen, men som kommunen er med og legg til rette for, og informerer om.

Andre verneverdige bygningar

Lærdal har mange kulturhistorisk viktige bygningar som ikkje er beskytta gjennom vern eller regulering. På 1980 og 90-talet vart det gjennomført SEFRAK-registrering i Lærdal. Registeret inneheld alle ståande bygningar som er bygd før år 1900. I bygge-, plan- og rivesaker der bygningar i registeret blir påverka eller gjort tiltak på, skal kulturminnemyndigheitene ha saka til uttale. Lærdal har og fleire interessante bustadhus frå førre århundre. Mellom anna fleire hus teikna av arkitekt Johan Lindstrøm. Her kan særleg hovudbygningen på Stødno nemnast. Denna vart teikna av Lindstrøm i 1921, som erstatning for den gamle 1700-tals hovedbygningen som brann. Det finnes og fleire godt bevarte bustadhus frå 1950-talet. Sidan byggenæringa har vore og er viktig i Lærdal, hadde det vore fint å bevare nokre døme på denne karakteristiske arkitekturen.

Tiltak: Lærdal kommune skal legge til rette for at eigarar av verneverdige bygningar i kommunen kan ta vare på bygningane på ein god måte. Kommunen skal syte for at det blir laga gode rutinar for at det blir tatt omsyn til SEFRAK-registrerte bygningar og andre verneverdige bygningar og anlegg i plan- og byggesaker. Kommunen si heimeside skal ha informasjon om kva tilskotsordningar som finst for privateigde kulturminne. Dette vert innarbeida i handlingsdelen som punkt om heimesida (nr. 6).

Kulturminne og klimaendring

Klimaet endrar seg, noko som påverkar kulturminne og kulturmiljø. Det fører mellom anna til stigande havnivå, auka stormflomål og auka kysterusjon. Meir regn og fuktigheit fører til meir råte og soppvekst. I tillegg til dei gradvise endringane over tid, vil klimaendringane føre til fleire ekstremværhendingar, meir flaum og fleire ras, noko som kan gje auka skadar på kulturminne og kulturmiljø. Spørsmålet er korleis ein møter desse hendingane og bur seg på dei. Kommunen skal arbeide for å redusere faren for tap av menneskeliv og forebygge skadar på bygningar, infrastruktur, natur, kulturmiljø og kulturminne. Det betyr at kommunen i plansamanheng må verdsette og innarbeide lokale kulturminne og kulturmiljø i planar etter Plan- og bygningslova.

I Lærdal har ein sett korleis flaumen i Kuvelda i 2014 førte til øydelegging av vatningsveiter, verneverdige kvernemiljø og spor etter førhistoriske busetnader. Auka nedbør har og ført til meir



soppvekst, fleire råteskader og større utbreiing av skadeinsekter som husbukk.

Tiltak: Kartlegge risiko og sårbarheit for kulturminne og kulturmiljø i kommunen gjennom å gjere ein ROS-analyse basert på kunnskap om arkeologi, bygningsvern, kulturmiljø og kulturlandskap og kunnskap om lokalhistorie og klima. Ein må finne tiltak som møter risiko/skade og kartlegge behovet for ressursar. Det gjerast prioriteringar av kva utsette kulturminne som skal dokumenterast og kva kulturminne det skal settast inn tiltak for å sikra. Dette vert ikkje innarbeida i handlingsdelen denne gongen, då dette vil krevje meir kapasitet enn ein har i dag på kulturkontoret. Det bør vurderast om dette skal vere prioritert tiltak i neste revidering av planen.

Registrering av kulturminne

I arbeidet med kulturminneplanen vart det gjort ein stor innsats for å stimulere frivillige til å registrere «sine» kulturminne. Dette førte i liten grad fram. Kommunen bør ha som mål at flest mogleg av kjende kulturminne vert registrert i tilgjengelege databasar, som Askeladden og Kulturminnesøk.

Tiltak: Innbyggjarane må stimulerast og oppfordrast til å gjennomføre registreringar ved god informasjon, aktiv bruk av heimesida og andre kanalar (som Helg og Kvardag-bladet, aviser osv), regionale kurs i registreringsarbeidet, utlån av kulturkontoret sine GPS'ar, samarbeid med Statens Naturoppsyn osv. Kulturkontoret bør og ha god kunnskap om registreringsmetoden, slik at ein kan nytta ledig kapasitet til å utføre registreringar i databasar. Resterande midlar frå SFF bør nyttast til kurs, opplæring og informasjon om registreringsmetodikken.



7.2 Tidslinje, finansiering og ansvarsfordeling

	Tiltak	Gjennomført år	Kostnad	Finansiering	Ansvar for oppfølging	Samarbeids-partnarar	Kommentar
1	Eablering/merking av nye turløyper i tilknytning til kulturminne - natur/kulturløyper	2019 - 2021	100 000 kr	50 000 kr i egenkapital + søke prosjektmidlar	Kulturavd	Skular, Lærdal Turlag, reiselivet, private	
2	Skilte utvalde kulturminne	2019 - 2021	Sjå i samanheng med prosjektet kring turløyper	Eige budsjett + søke prosjektmidlar	Kulturavd	Reiselivet, Statens vegvesen	Danne tverrfagleg skiltgruppe
3	Halda fram med å tilby kulturminne -opplevingar i "Den kulturelle skulesekken"/ "Spaserstokken"	Kontinuerleg	Vert dekkja av midlar frå skulesekken og spaserstokken	Eksterne midlar	Kulturavd	SFF (Sogn og Fjordane Fylkeskommune), skular, Lærdal eldreråd	
4	Kontinuerleg registrering av utvalde kulturminnetypar og kulturmiljø	Kontinuerleg		Nytte dei resterande midlane frå SFF	Kulturavd	Historielag, private, SFF	Låne ut GPS, informere, utføre registreringar dersom ledig kapasitet
5	Registrere utvalde kulturminne i Askeladden	Kontinuerleg			Kulturavd	SFF	Vere med og arrangere regionkurs i registrering
6	Bruke heimesida meir aktivt for å informere om kulturminna i kommunen, og informasjon om korleis registrere, korleis finne informasjon på	Kontinuerleg			Kulturavd		



	nett, ta vare på kulturminna osv.						
7	Ryddde og sortere Lokalhistorisk arkiv	2019	20 000 kr	Eige budsjett eller søke prosjektmidlar	Kulturavd	Historielag, Fylkesarkivet	Opprette dialog med Fylkesarkivet
8	Gje kulturminnefaglege innspel til planprosessar	Kontinuerleg			Kulturavd	SFF	
9	Årleg markering av Kulturminnedagen	Årleg	10 000 kr årleg	Eige budsjett	Kulturavd	Landbruksavdelinga, frivillige lag og org.	
10	Revidere Forvaltningsplan for Verneområdet på Gamle Lærdalsøyri	2019 - 2021	Eigne ressursar	Eige budsjett	Kulturavd og planavd	Riksantikvar, Fagrådet for Gamle Lærdalsøyri, SFF	Danne arbeidsgruppe med plan og kultur, Fagrådet og grendalag
11	Utarbeide Forvaltningsplan for buffersona kring verneområdet på Gamle Lærdalsøyri	2019 - 2021	Eigne ressursar	Eige budsjett	Kulturavd. og planavd.	Riksantikvar, Fagrådet for Gamle Lærdalsøyri, SFF	Danne arbeidsgruppe med plan og kultur
12	Fagrådet for Gamle Lærdalsøyri	Kontinuerleg	60 000 årleg		Kulturavd		Møtehonorar + reisekostn.
13	Fullføre planlagde brannsikrings-tiltak i Gamle Lærdalsøyri	2018 - 2019		Har prosjektmidlar	Kulturavd	Riksantikvar, Brann, Tekniske tenester	Vurdere behov for utviding av brannsikrings-tiltak for verneverdige bygningar utanfor Gamle Lærdalsøyri



15	Halda fram med å skjømte og vedlikehalda dei historiske vegane, oppdatere skjømtselsplanar	2018 - 2020	Får årleg løyving fram til 2020	Eigne budsjettmidlar og midlar frå SVV	Kulturavd, Tekniske tenester	SVV, historisk avdeling	Vurdere og avklare forlenging av prosjekt/tiltak
16	Utarbeide vedlikehaldsplanar for verneverdige bygg/bygg med stor historisk verdi, under kommunalt ansvar	2019 - 2024		Søke prosjektmidlar	Tekniske tenester, Kulturavd	SFF, Kulturminne-fond	
17	Oppdatere tele- og postutstillingane	2020 - 2022		Søke prosjektmidlar	Kulturavd	SFF, Maihaugen, Telemuseet	Utføre oppdateringar i samråd med dei andre musea.
18	Lage opplegg for skulehistorisk formidling på Rikheim skule	2020 - 2022	50 000 kr	Søke prosjektmidlar / samarbeid med DKS	Kulturavd	Skulane	Avhenger av vedlikeholds-plan for bygget
19	Lage formidlingsopplegg for Fanteloftet	2020 - 2022	50 000 kr	Søke prosjektmidlar og samarbeid med DKS (Den kulturelle skulesekken)	Kulturavd	SFF, museet	Avhenger av vedlikeholds-plan for bygget
20	Vedlikehald av krigsminnesmerker til 17. mai. Krans og blomster ved bautastein, minnesmerket på Borlaug og Soldatgrava.	Kontinuerleg	5000 kr årleg	Eigne midlar	Kulturavd		



7.3 Økonomiske konsekvensar ved gjennomføring av plan

Gjennomføring av handlingsplanen er avhengig av nokre ekstra budsjettmidlar. Kulturtenesta treng å få tilførd kr. 80 000 i årlege driftsmidlar, og i investeringsmidlar er det trong for ein budsjettpost på kr. 230. 000 kr. Dette må innarbeidast i økonomi- og handlingsplanen frå 2019.



8 Litteraturliste

Kommunedelplan for landbruk og kulturminnevern – Temaplan, Lærdal kommune, 2009.

Kulturminne og klimaendring – Pilotprosjekt – Aurland kommune, Riksantikvaren, 2015.

«No lukta det fred!» Glimt frå Lærdal og Borgund 1940-1945, Kåre Hovland (red.), 1995.

Evaluering av kulturminne i Lærdal kommune, Fylkeskulturkontoret i Sogn og Fjordane, sivilarkitekt Camilla Mohr, 1995.

Kulturminner, kulturmiljøer og landskap – Planlegging etter plan- og bygningsloven – Veileder, Riksantikvaren, 2016.

Borgund, Heim og Ætt, bind I-V, 1987.

Skulesoge for Lærdal og Borgund, Alfred Espe, 1989.

Reguleringsplan for verneområdet, Lærdal kommune/Asplan Viak, 2012.

Kommunedelplan for Lærdalsøyri, Lærdal kommune/Asplan Viak, 2008.

Vernearbeidet for Gamle Lærdalsøyri, ICOMOS Norge, 2006.

Utvalde kulturlandskap i jordbruket – eit nasjonalt utval av spesielt verdifulle kulturlandskap, Forvaltningsplan for Midtre-Lærdal 2018-2028, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 2017.

Lærdal og Borgund, Kulturminne og busetting gjennom 3500 år. Rapport frå registreringa av automatisk freda kulturminne i Lærdal kommune i samband med ny E16 trasè Aurland-Lærdal. Kristine Bjørndal, kulturseksjonen SFF, 1995.